



Handlingsplan for BKSF - 2012

1. Rekruttering.

BKSF vil

- hjelp NKSF med å oppspore aktuelle medlemskor.
- stadig synleggjere BKSF sitt arbeid med arrangement nye stader i bispedømet, og stimulere til aktivitet på prostiplan. (BKSF sender m.a. ut logofiler for NKSF og BKSF til bruk for medlemskora ved arrangement.)
- at relevante lokale salmekvelder/ konsertar kan arrangerast i samarbeid med Bjørgvin Kyrkesangforbund.
- vere i dialog med, og ta initiativ til samarbeidsprosjekt med Ung Kyrkesong.
- etablere samarbeid med bispedømmeråd/kontor og fellesråda.
- søkje kontakt med moglege samarbeidspartnarar i kulturlivet generelt.

2. Økonomi

Hordaland Musikkråd og Kulturkonsulenten på Bjørgvin bispedøme har vore behjelpede i å spore opp kanalar der det er naturleg å søkje offentleg stønad. BKSF søker i 2012 også om medlemskap i Sogn og Fjordane Musikkråd. Det vert søkt om stønad for 2012 frå Bergen kommune, Hordaland fylke og Sogn- og Fjordane fylke. BKSF sender også søknad til kyrkjelydane om takkoffer.

3. Web-side

BKSF har si eiga web-side: www.kirkesang.no/bjorgvin . Vi ønskjer i større grad å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan utvikle seg til å bli ein viktig arena for kora. Vi ønskjer også at denne sida skal bli ein ressursbank, der vi lagrar informasjon frå tidligare verksemd i BKSF.

4. Kurs - BKSF

- inviterer under rikskyrkesongfesten til 5 ulike seminar: "Korbarokk- Stor musikk med små ressursar" v/Markus Malmgren, "Folketonar og stemmebruk i kor" v/Henning Sommerro og Anne Kleivset, "Gospel" v/Terje Kleppe, "Med salmar og liturgi inn i ei ny tid" v/Ivar Jarle Eliassen og "Hvordan ta vare på skaperverket" v/Lars Ove Kvalbein.
- tilbyr kurs som kan hentast heim til kora, både stemmebruksseminar, liturgisk verkstad m.m.
- oppmodar regionane om å tenkje felles kursprosjekt.
- tilbyr fire helgeseminar i 2012 med instruktøren Per Oddvar Hildre i samarbeid med Hardangerkoret og Voss Folkehøgskole, 16-18.mars, 1-3.juni, 7-9.september, 2-4.november.
- anbefalar Musica Sacra sommarkurs i veke 27, 4-8.juli, ei halv vekes vaksenkorkurs på Folkehøgskolen Sørlandet med domkantor Terje Kvam-vaksenkor og Henrik Ødegaard-gregoriansk song/tidebøn.

5. Kyrkesongfestar - BKSF

- arrangerer Rikskyrkesongfest 2012, 20-22.april i Bergen
- arrangerer hausten 2012 eit hausttreff for medlemskora. Kor som har høve, deltek ved høgmesse i ulike kyrkjer same helga, og gjer også slik eit fellesløft for kyrkesongen.

6. Kyrkjemusikkfestivalar

BKSF har i ei årrekke hatt ønske om å etablere ein kyrkjemusikkfestival i Bjørgvin. Styret arbeider vidare med dette, evt inn imot samarbeid med Bergen domkirke. Informasjonsbrosjyra "Kyrkjemusikk i Bjørgvin" var ein god idé praktisert i 2010-2011. Denne kyrkjekulturkalendaren kan gjerne vidareførast dersom kora og andre kyrkjemusikkprodusentar viser at dei ønskjer å nytte seg av det. BKSF ser gjerne at dette evt. kan vere i samarbeid med bispedømet eller at bispekontoret tar over ansvaret.